

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## Aposteldagen/6 s.i treeiningstida - 21. juli 2019

Preiketekst: Mark 3, 13–19

Lesetekst I: Jes 66, 18–19

Lesetekst II: Apgj 9, 1–19

## Våre kall

### Innleiing:

Ser vi oss omkring idag, er det eit utall av røyster som ropar om kva dei har å by fram. Alle vil at vi skal venda oss til dei, for deira tilbod er best. Eller så kan det og vera at om éin aktør får taket på oss og vi vender oss til dit, tenar dei økonomisk på det. Dette er svært utbreidd.

Økonomien er viktig i alle samanhengar. Men er den for opphausa? Er du med i, eller har ungar som gjerne vil spela fotball, då lyt du stilla opp som sjåfør når kampen skal spelast på ei bortebane. Eller så får du x antall loddbooker du lyt selja. Basarer er det i hopetal, utloddning, kollekt, offer. Røystene ropar om kor nødvendig det er med gåver. Og det er nødvendig.

- Det er ikkje alltid at kallet når inn til lommeboka! Eller til hjarta.

### Erfaring

Om det er lov å trekkja fram kallet frå Herren til underteikna, gjekk det slik for seg: Eg fekk kallet første gongen før eg byrja i skulen. Ein kveld var det filmkveld i skulestova, og alle kom, for det var ikkje vanleg med film i den tida. Filmen sit ikkje i minnet mitt, men avslutninga minnest eg godt. Eit fyrlys som sveipa rundt og sende lyset ut i mørket omkring, medan songen: Navnet Jesus blekner aldri, lydde.

Siste verset slo inn i hjarta og har aldri funne vegen bort frå hjarta mitt:

*Midt i nattens mørke blinker som et fyrlys Jesu navn  
Og hver hjelpløs seiler vinker inn til frelsens trygge havn.  
Og når solen mer ei skinner, Jesu navn det lyser enn.  
Da den frelste skare synger høyt dets pris i himmelen.*

Då vart eg klar over at kallet mitt var å tena Herren ved å forkynna ordet til frelse for dei som er i mørket. Då eg byrja på skulen, ville læraren gjerne verta kjend med oss som starta i fyrste klasse. Og då fekk eg og fortelja kva eg ynskte å bli når eg vart stor: Forkynnar! Enno idag minnes eg at læraren la handa si på hodet mitt og sa: Gud velsigne deg!

Seinare i livet har Gud gjenteke kallet fleire gonger og vist meg at eg var på den vegen han ville eg skulle gå.

Kallet kjem forskjellig til oss, somme får det slik og andre slik, men Gud kallar oss med sitt ord til liv saman med han.

### Jesu kall

Det kunne vore spennande om vi kunne vore ei fluge på veggen då Guds råd var kalla saman og framtida vart lagt. Ingenting var til, ikkje skog, ikkje blommar, ikkje fugl eller fisk, ikkje menneskje. Kva sa dei, Faderen, Sonen og den Heilage Ande, om framtida? Noko veit vi, ut frå kva skrifta seier

og kva som har hendt. Oppgåvene låg der, skapa av inkje himmel og jord, lys, vokster, levande vesen, menneska.... då var det kanskje at Sonen fekk ei oppgåve: Du lyt sona deira synder! Og svaret let ikkje venta på seg: Ja Far, det skal eg! For alle desse menneska elsker vi!

Der låg Sonen si store oppgåve: som Frelsaren. Her kunne vi tenkje mykje om Jesu kall. Men det blir berre våre tankar. Jesus hadde eit kall, det kan vi vera sikre på. Og dette kallet var opninga for vårt kall til frelse og fred med Gud.

## **Jesus kallar**

Jesus hadde alt spurt dei seks første om å vera ilag med han, Mark 1, 17 – 20 a. 2, 14

Johannes døyparen var i førevegen komen for å bera fram bod om at han som skulle koma, no er her.

Det kan sjå ut som det var vekking i Israel, folk kom for å høyra på Johannes, den merkelige mannen som gjekk i ei kappe av kamelhår og levde av grashopper og honning. Mark 1. 4ff. Matt 3 ff. Og han døypte til omvending. Alt i Jes 40 finn vi det kallet som Johannes fekk. «Ei røyst som ropar i øydemarka.» Det var liksom ikkje det store over dette kallet. Men var det nokon som hadde fått større kall enn dette?

I GT kan vi sjå mange kall som nådde ut til einskilde mennesker: profetar, domarar og kongar. Mange gonger kalla Herren på heile Israelfolket. Det var Herrens mål at Israel skulle vera Guds utvalde folk. Det kallet har ikkje Gud trekt tilbake. Jesus er Guds son, fødd og voks opp som jøde! Og måten kallet kom på var ved ORDET, han tala og kalla på dei utruleg mange gonger. Kallet står ved lag så lenge Jesus ikkje har kome att for å kalla alle sine til seg, alle dei som trur på han. Jesu kall i dag er det same som alltid: *Kom til meg alle de som slit og har tungt å bera, eg vil gi dykk kvile.* Matt 11,28. Det kallet må få lyda i dag fordi Jesus kallar enno!

Jesu kall er at vi må koma til han, for det er berre ein som er Frelsaren. Alle som slit med tunge bærer, dvs. synd av alle slag, kan få koma. Kvila er å ta imot syndenes forlating.

## **Den kalla får eit kall**

Teksta i dag er både kall til omvending, og kall til teneste. Utan kall til omvending og å fylgja Jesus, kallast ingen teneste. Luk 6,13. Han kalla til seg disiplane sine, dvs. dei som var med han. Apostel kalla han dei. Sendebod med fullmakt.

Vi kjenner Kristus berre gjennom apostlanes vitnemål. Difor var dette ei handling som Jesus tok på største alvor. Natta før var han i bøn til Gud. Vi kan undrast over at Judas Iskariot vart kalla, men det fortel også at kallet som apostel kan svikast, slik som kallet til omvending kan svikast. Difor vener, hald fast på kallet frå Herren, og be han halda oss fast, på grunnvollen som er Jesus Kristus. Gud signe oss i vårt kall.

## **Per Fedje**

Pensjonist, tidlegare kretssekretær i Norsk Søndagsskoleforbund.

[pfedje@hotmail.com](mailto:pfedje@hotmail.com)